

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 20.01.2016
SAKSHANDSAMAR: Kristin Osland Lexow
SAKA GJELD: **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 12. januar 2016**

ARKIVSAK: 2015/2425
STYRESAK: **011/16**

STYREMØTE: **10.02. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek protokollen frå føretaksmøtet 12. januar 2016 kl. 09.15 til etterretning.
2. Styret tek protokollen frå føretaksmøtet 12. januar 2016 kl. 13.30 til etterretning.

Oppsummering

Tysdag 12. januar 2016 presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og statsråden sin «sjukehustale».

Tysdag 12. januar 2016 vart det halde to felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Helse Vest RHF. Det første føretaksmøtet blei halde kl. 09.15 i Helse- og omsorgsdepartementet sitt lokale i Teatergata 9, Oslo, og handla om val av styremedlemmer og fastsetting av styregodtgjering. Det andre føretaksmøtet blei halde kl. 13.30 i Auditoriet i R5, Akersgata 59, Oslo, og handla om krav og rammer for Helse Vest RHF for 2016 og sjukehusutbygging i Helse Stavanger.

Helse Vest har ikkje motteke signerte protokollar frå desse møta, men vel likevel å legge fram usignert versjon for styret. Signert versjon vil bli sendt ut til styret så snart den ligg føre.

Fakta

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2016 og presenterer dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

Kommentarar

I møte 12. januar kl. 09.15 blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21
- Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering, jf. lov om helseforetak § 21 tredje ledd

I møte 12. januar kl. 13.30 blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Krav og rammer for 2016
- Sak 4 Sjukehusutbygging i Helse Stavanger

Krav og rammer for 2016 vil bli vidareformidla til helseføretaka i styringsdokumenta for 2016 som vil bli lagt fram for styret 29. februar 2016.

Vedlegg:

1. Førebels protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 12. januar 2016 kl 09.15
2. Førebels protokoll frå føretaksmøtet Helse Vest RHF 12. januar 2016 kl 13.30
3. Rapporteringsvedlegg til protokoll 2016 Helse Vest RHF